

# HFF

## HANDBALL- FESTIVALEN PÅ STORD 2009



CAMILLA KJEM,  
KJEM DU?



ERLING OG MARIA  
AVLEGG EIDEN



MØT OPP OG SJÅ FESTIVAL-  
OPPTOGET, LAURDAG 30. MAI!  
DET STARTAR FRÅ LEIRVIK SKULE  
KL. 11.30, OG ENDAR OPP PÅ TORGET.



# Velkommen TIL DEN 20. HANDBALLFESTIVALEN!



Endeleg er helga komen og ein ny Handballfestival er i gang. Me veit at det er mange som gleder seg til denne storhendinga som no vert arrangert for 20. gang. Me som arrangør gleder oss også veldig til å sjå nye og gamle handballvener her på Stord i Pinsen. Me vonar på at når alle deltakarane kjem, så skal sju skular på Stord vera klar for innkvartering. 18 banar på Stord Idrettspark skal vera klare for kamp. Over 6000 middagar skal serverast. Me skal gje topp service og sørgja for at dei om lag 2500 deltakarane og leiarane har ei kjempetin og minnerik helg på Stord!

Komiteen for Handballfestivalen har jobba sidan tidleg hausten 2008 for at me skal få ei mest mogleg vellukka turnering. Komiteen er samansett av engasjerte foreldre og andre handballinteresserte som har vore med inntil 19 gangar før. Faktisk så har Jorunn Bekkenes og Runar Øvrebø vore med å arrangert turneringa kvart år – det er kjempebra og verdifullt for Stord IL Handballgruppa. I tillegg så har me alle frivillige foreldre og spelarar i handballgruppa som jobbar 5000 timar dugnad under denne helga!

Til slutt vil eg berre ynskja alle lukke til både sportsleg og sosialt! Eg vil også oppfordra andre sunnhordlendingar til å ta turen til Vikahaugane i Pinsen – her vert eit yrande liv og mykje flott idrettsungdom i aktivitet!

Vennleg helsing  
Kjartan B. Grov  
Festivalleiar

## Klar til handballfest

Pernille Bjelland Nordhus (13 -bilete) gler seg til pinsen og nok ein handballfest på Stord.

- Handballfestivalen er alltid veldig kjekk, og eg gler meg mykje til å delta! Årets festival vert som vanleg arrangert på Vikahaugane, og som tidelgare har festivalen mykje å by på av aktivitetar. - Eg ser fram til grillfesten, så skal eg kanskje på konsert med Erik og Kriss på sundagen, fortel ho. Pernille spelar ving på Stord J12, og har vore med på Handballfestivalen før. - I fjor vann me nesten alt, og kom heilt til semifinalen, fortel Pernille, som sjølv sagt har lyst å nå heilt til topps i årets festival. - Men det viktigaste er sjølv sagt å ha det kjekt!, understrekar ho. Årets Handballfestival går av stabelen for 20 gong til helga, og er like populær for ivrige handballentusiastar kvart år.



Bilete: Henrik Mundal Andreassen

- Handballfestivalen betyr veldig mykje for Stord. Det er eit flott arrangement, som eg trur alle set stor pris på! Kenneth Pedersen er trenar for Stord sitt J12 lag, og ser fram til nok ein pinse på Vikahaugane. - Dette vert det femte året jentene deltek på arrangementet. I fjor gjekk me heile vegen til a-sluttspillet, og håpar sjølv sagt på eit like bra resultat i år også, fortel bergensaren. - Eg kjenner fleire trenarar frå Bergen som kjem med laget sitt

gong på gong for å delta. Det seier jo mykje om kor velorganisert og kjekt arrangement dette er. Frå i fjor er det berre to på Stord J12 sitt lag som har slutta, og til helga skal dei 18 aktive spelarane delast i to lag. - Det er veldig kjekt for jentene å få spela mot lag frå ulike stader. Eg veit dei gler seg veldig! sluttar Pedersen av.

Ingrid Rommetveit

## Helsing FRÅ ORDFØRAREN

### Kjære festivaldeltakarar!

Like visst som at våren kjem, går ei av dei største hendingane som me alle ser fram mot – nemleg Handballfestivalen - av stabelen! Og denne gongen med fleire deltakarar enn nokon gong. Det er eit fyrverkeri av ein festival, der born, unge og vaksne gjev oss alle ei fargesprakande og minnerik helg. Ein fest og eit sportsleg arrangement det går gjetord om både vidt og breitt! På ny skal det sprute i grusen, på ny skal heiarop fylla lufta, pokalar skal løftast og sveitte drakter hengast til opp. Det skal vera glede over siger, og kanskje litt

mismot over tap, men viktigast av alt er å ha det kjekt saman, og å få ei oppleving som de vil bera med dykk gjennom livet.

I år feirar festivalen 20 års jubileum, og for kvart av dei åra som har gått, har festivalen vorte enno betre – og gjeve grunnlag for å glede seg enno litt meit til neste års festival. Lokalt har også elitespelarane hatt eit svært bra år, og engasjementet rundt handballen er stort.

Det er lagt ned ein formidabel dugnadsinnsats, og mange, mange timar med frivillig arbeid vil vera utført før den siste slukkar

lyset søndag kveld. Desse vil me på det varmaste få takke for det engasjement og innsats som er lagt ned både før, under og etter arrangementet.

Då gjenstår det berre å ynskja dykk alle hjarteleg velkomen til Stord. Eg vonar det vert ei flott helg som de vil hugse attende på med glede!

Beste helsing  
Liv Kari Eskeland  
Ordførar i Stord

## Debutantar avlegg eiden



Avlegg eiden: Erling Grov og Maria K. Nilsen Lekven har fått i oppgåve å avleggje eiden under opninga av den 20 Handballfestivalen på Stord.  
- Det blir litt skummelt, men mest kjekt, seier dei to Stord-spelarane.

Maria K. Nilsen (10) og Erling Grov Lekven (10) skal delta for aller fyrste gong på Handballfestivalen på Stord.

Ikkje nok med det, saman har Erling og Maria fått i oppgåve å avleggje eiden på laurdagens opningsseremoni.

- Me gruar oss litt, men trur det blir mest kjekt, fortel dei to Stord-spelarane.

Til helga går den 20 Handballfestivalen på Stord av stabelen, og kva er då viktigare enn ei påminning av gode spelereglar?

- Trenaren min spurde om eg hadde lyst, og eg svarte ja med ein gong, fortel Erling.

Saman med Maria skal han informera om viktige reglar som gjeld under arrangementet.

- Det handlar ikkje berre om å vinne. Det viktigaste er å ha det kjekt! Meinar dei to Stord-spelarane, som tykkjer at handballeiden er viktig å følgja dersom alle skal ha det fint. Dei unge handballspelarane skal vera eit førebilete for alle delta-

karane under festivalen, og som representant for spelarane, lovar dei å følgja reglane gjennom heile festivalen.

- Det er viktig å ha reglar, sånn att alle får det like kjekt!

Både Maria og Erling er svært aktive, både på og utanfor handballbanen.

- Eg sparkar fotball og spelar i korps, men synest handball er det kjekkaste, fortel Erling.

Maria syng i kor i tillegg til handballen, og tykkjer det er like kjekt med begge deler. Men til helga er det handballen som får første prioritet, og som debutantar på festivalen er det ikkje fritt for at sommarfuglane kjem på besøk.

- Eg gruer meg litt, men gler meg mest til å halda eiden, fortel Erling.

- Så blir det kjekt å spela kampar, legg Maria til.

Ingrid Rommetveit

# Eid

Som representant for spelarane, lovar eg under Handballfestivalen

- Å spela så godt eg kan
- Å oppmuntra medspelarane mine
- Å vise respekt for dommaren
- Å rette meg etter leiarane
- Å ta avstand frå alle former for doping
- Å kjempa med fair play

Eg lovar:

- Å tola å tapa
- Å tola å vinna

# - Musikkens svar på grandis!

Sundag kveld under Handballfestivalen vert det konsert med den norske rapgruppa Erik og Kriss.

Den populære duoen er kjende for sine morosame tekstar og fengjande refreng - og blir i dag sett på som ein av landets beste live-acts. - Det er kjempegøy å få vera ein del av eit handballarrangement. Vedig kult! Sport og musikk går hand i hand (synest no me), så me gleder oss mykje til å koma og delta med ei splitter ny plate i baggen!

Erik Mortvedt og Kristoffer Tømmerbakke vert rekna blant Noregs mest populære artistar

innan rap og hiphop. 2. juni kjem dei ut med si tredje plate "Tabu".

- Den nye plata vår handlar kort og godt om vår eiga posisjon i musikkbransjen. "ingen liker det som alle liker". Me er musikkens svar på grandis! Plateslepp i juni blir etterfulgt av releasekonsert på Sentrum Scene i Oslo 5. juni, men før den tid skal EogK halda konsert for handballentusiastar på Vikahaugane. - Lykke til alle som deltar. Hugs å gi alt! Det å vinna er ikkje alt, men å sjå bra ut medan ein gjer det. Haha, nei da. Kos dykk, turneringar handlar om fellesskapet. Hugs at det også er viktig å få med seg ein EogK konsert når ein speler handball.

Ingrid Rommetveit



## BILLETTPRISAR KONSERT:

Kr 100,- for dei med deltakarkort

Kr 200,- for andre

**Kontakt sekretariat for billetter  
eller ring 92 29 68 30**

# Sjarmes Talentdommarane i senk!

– Vis oss sjarm og utstråling!



Kristi Dramdal og Marte Forland kastar terning som dommarar under årets talentkonkurranse på handballfestivalen.

Marte Forland og Kristi Dramdal (18) er klar i tale. Under årets talentkonkurranse er det dei to som gir terningkast og bestemmer kven som går av med sigeren utanfor handballbana.

Når eimen av grillmat legg seg over festivalområdet laurdag kveld, er det også tid for underholdning i form av talentkonkurranse for handballspelarane. I høve 20 års jubileet til handballfestivalen er den klassiske «Grand Prix'en», med sjølvlagde tekstar, fornya med ein twist av «Norske Talenter». I motsetning til andre år er det no meir fokus på solistar, og resten av laget kan bidra med kor eller dans.

## SAMSTEMTE DOMMARAR

Både Kristi og Marte kåra vinnarane av talentkonkurransen i fjor, og i år er dei back in business. – Ein gong stod me heile laget oppstilt og framførte eigenlagde song på handball «Grand Prix». Ingen av oss turte å syngja i mikrofonen, det blei veldig pinlig! No er det derimot ein annan tone, me er ikkje så sjenerte lenger, gliser dei to sprudlande jentene. – Me er rimelig samstemte,

og har ganske lik smak!, seier Kristi. Det viser seg i framkomstmiddelet til 18 åringane, begge jentene køyrer nemleg prikk lik rosa scooter. Lik scooter, lik smak, og lik handball-drakt på same handballag har dei to.

## OPPSKRIFT PÅ SIGER

– Tullete og uforberedte innslag når ikkje så langt opp. Dei X'ar me ut akkurat som dei gjer på «Norske Talenter», ler Marte.

– Vinn heller publikums hjarter med mykje utstråling, så vinn du kanskje heile talentkonkurransen også. Me ser etter høg underholdningsfaktor! Oppskrifta er klar, og jentene har ei vanskeleg oppgave føre seg. Deltakarane kan velja mellom følgjande songar; Fairytale (Alexander Rybak), Shalala (Bjørn Eidsvåg), Hallelujah (Leonard Cohen/Gitarkameratene) Mamma Mia og Waterloo (Abba)- Me håpar mange stiller opp til konkurranse, og me er veldig spente på kva innslag deltakarane viser oss på scena. Me håpar dei er godt forberedte og byr på mykje variasjon!



- Tommelen opp for dei som kan sjarmere og underhalda publikum. Me håpar på litt ekstra utanom sjølve songen, Kristi Dramdal og Marte Forland veit kva dei er på utkikk etter i talentkonkurransen.




- Dårlig terningkast til innslag som er uforberedt og tullete, slår dei to talentdommarane fast.

## HANDBALLFESTIVALEN

## STORD IDRETTSLAG

## BANE Nr.

1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Kunstgras
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Skeisebanen
15. Skeisebanen
16. Skeisebanen
17. Skeisebanen
18. Tennisbanen
19. Stadion



- INFO Aktivitet etc. (A)
- A. Sekretariatet
  - B. Kantine
  - C. Samling tog til torget  
Leirvik skule
  - D. Skade stove
  - E. Buss stopp
  - F. Grillfestplass
  - G. Kanopadling
  - I. Sand volleyball
  - K. Oppstilling  
premieutdeling
  - L. Hesteridning
  - M. Basseng.  
Stord kulturhus
  - P. Parkering
  - W. Wärtsilä Scene  
Talentiade/konsert
  - H Dolly Dimple
  - S. SKL Mattelt

## OVERSIKTSKART



## HANDBALLFESTIVALEN 2009, STORD

**STEMNEKONTOR/  
SEKRETARIAT**

Stemnekontoret er i nye hallen, innafor sjølve hallen. Kontakt oss om store eller små problem.

Turneringstelefon: 53 40 09 90

**VIKTIG OM KAMP-  
OPPSETTET**

Siste versjon av kampoppsettet/resultatene er tilgjengelig på heimesida [www.handballfestivalen.no](http://www.handballfestivalen.no). Under festivalen vil resultatene bli vist på skjermer i Nyehallen

**PROTEST**

Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr. 500.

**TURNERINGSREGLEMENT**

Under kampene gjeld NHF sitt kampreglement for turneringar. NB! Aktivitetsserie G/J 10-11 spelar med 6+1 spelarar. Minihåndball 3+1 spillere.

**PULJER/SPELESYSTEM**

Speletid: J/G 10-14: 2 X 10 minutt, J/G 15-17: 2 X 15 minutt. Innleiande serie der dei beste går til A-sluttspel og resten til B-sluttspel (I nokon klassar er det kun A-sluttspel.).

**PULJERESULTAT/  
CUPRESULTAT**

Ved poenglikhet i puljespel skal rekkjefølgja avgjerast slik:

- 1) Innbyrdes kamp Om meir enn to lag har likt antall poeng blir det "ny" tabell for desse laga.
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning.

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spiller med dispensasjon er merket \*\* i kampoppsettet, og ender sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tape denne kampen.

I sluttspellet skal «første målet vinner» brukast ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan speleforlenginga bli inntil 5 minutt ved fortsatt uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter 5 minutter speleforlenging vert kampen avgjort med myntkast.

I finalane vert det spelt «første målet vinner» inntil kampen er avgjort.

Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det brukt loddtrekking for å avgjera kva for

lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

**LAGET SOM STÅR FØRST I  
KAMPOPPSETTET**

Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

**PREMIERING TIL BESTE  
KLUBB**

10.000 til beste klubb etter ein spesiell poengskala. 5 000 til nr 2. Pengepremien kan ikkje STORD vinna. J/G-9-10-11 er ikkje med konkurransen.

Klassar med fleire enn 20 lag:

Vinnar A-sluttspel:	8 p
Toar A-sluttspel:	6 p
Vinnar pulje:	4 p
Tapar semifinale A-sluttspel:	3 p
Vinnar B-sluttspel:	2 p
Toar B-sluttspel:	1 p

Klassar med 10-20 lag

Vinnar A-sluttspel:	6 p
Toar A-sluttspel:	4 p
Vinnar pulje:	3 p
Tapar semifinale A-sluttspel:	2 p
Vinnar B-sluttspel:	1 p

Klassar med mindre enn 10 lag	10 lag
Vinnar A-sluttspel:	4 p
Toar A-sluttspel:	2 p
Trear A-sluttspel:	1 p

**FAIR-PLAY**

Under finalekampane måndag blir det delt ut Fair-play pokal til klubben med best oppførsel.

**BANER**

- 1 Nyehallen
- 2 Gamlehallen
- 3 Rackethallen.
- 4-13 Kunstgraset
- 14-17 Skeisebanen
- 18 Tennisbanen

**BESTE KLUBB HISTORIKK**

- 1990: Giv-Akt
- 1991: Åkra
- 1992: A.I.L./Bjørnar
- 1993: Tertnes
- 1994: Brønnaldalen
- 1995: Tertnes
- 1996: Bjørnar
- 1997: Bjørnar
- 1998: Bjørnar
- 1999: Kjølkelvik
- 2000: Kjølkelvik
- 2001: Bjørnar
- 2002: Kjølkelvik
- 2003: Fyllingen
- 2004: Fyllingen
- 2005: Fyllingen
- 2006: Fyllingen
- 2007: Askøy
- 2008: Askøy, nr. 2 Fyllingen.

## PRAKTISK INFORMASJON ORDENSREGLAR PÅ SKULANE

Når laget kjem til tildelt klasserom, må bord og stolar stuast vekk inne i same rom. VIKTIG! Dei skal ikkje setjast ut på gangen, av omsyn til frie rømningsvegar i fall brann eller andre nødsituasjonar.

Alle må gjere seg kjend med rømningsvegar, nødutgangar, brannmeldarar og slukkeutstyr. Gå gjennom branninstruks og plukk ut felles samlingsplass i tilfelle ein nødsituasjon.

Det er strengt forbode å bruke open ild / røyking innendørs. Ver merksam på brannfaren ved grilling.

Det er ikkje tillatt med vannballongar på skulen sitt inne- og uteområde.

Den enkelte lagleiar er ansvarlig for at det er ro på romma i rimelig tid om kvelden.

Boss skal samlast i sekker (kan hentast ved vakta) og skal bringast til vakta.

Før avreise skal romma ryddast og kostast. Stolar og bord skal ryddast tilbake slik dei stod når de kom til rommet. Ingen lag drar frå skulen før klasserommet er inspisert/godkjend saman med vakta.

Legg ikkje igjen pengar, mobiltelefonar mp3-spelar/ipod og andre verdisaker på rommet!

Handballfestivalen er eit rusfritt arrangement.

Respekter elevane som som låner ut klasserommet sitt. La dei kome attende til eit like fint rom etter endt handballfestival.

Dersom brannalarmen går - forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utanfor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstang/på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag og melder tilbake til vaktene.

**NB !! ALLE LAG MÅ PAKKA OG SJEKKA UT ROMMA SINE INNAN KL. 10 PÅ MÅNDAG**

## LAGSFOTOGRAFERING

Fotografen er i Gamlehallen laurdag kl. 13-22, i Bordtennislokalene, sjå skilt. Laga vert oppfordra til å ta bileta når første kampen er avvikla. Dersom nokon ynskjer portrettbilde i tillegg, kan dei avtale dette direkte med fotografen (vert tatt på sunda-

gen og må betalast av laga sjølv). Bildene vert ettersendt til lag klubben fyrste veka etter festivalen

## SERVERING MAT I "TURNKASSEN"

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med "Nye hallen". Fyljande opningstider vert det:

**Laurdag:**  
Frukost: 07:30-10:30  
Middag (Pølse og potetstappe): 13:00-17:00

**Sundag:**  
Frukost: 07:30-10:30  
Middag (kjøtkaker): 13:00-17:00

**Måndag:**  
Frukost: 07:30-10:00  
Middag (kylling og ris): 12:00-15:00

## TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på Hystad og Rommetveit skule kan tinga transport. Dette kan gjerast ved å ringja til sekretariat 53 40 09 90 i så god tid som mogleg.

## FØRSTEHJELP / SKADESTOVE

Førstehjelparane er stasjonert på ungdomskulen. Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei.

## PARKERING

Beste parkeringsplassen er ved Stord vg. skule - Saghaugen og ved Stord vg. skule - Vabakkjen. Det er også mogleg å parkera ved Biltilsynet, bak Stord Hotell og ved Stord Kulturhus. Ingen av desse plassane er meir enn 5 minuttar unna festivalområdet. Det er kun bilar med adgangskort som har løyve til å kjøra inn på festivalområde - dette bed me alle respektera. Dei med campingvogn må venda seg til sekretariat for tilvisning av plass.

Me bed alle respektera at Bjellandsvegen og område rundt brannstasjonen ikkje skal nyttast til pakering (hugs at brannbilane må ha fri utgang!)

# PROGRAM FOR FRITIDSAKTIVITETAR

## LAURDAG 30.05.09

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane,

bestilling av bane skjer i sekretariatet	kl 08:00 - 23:00
Putekrig på bukk	kl 08:00 - 24:00
Tog frå Leirvik skule,	oppstilling frå kl 11:00
	avgang kl 11:30
Opning på torget	kl 12:00
Bading i Kulturhuset (påmelding i sekr.)	kl 15:00 - 21:00
Hesteridning ved Vikastemmo (andedammen)	kl 15:00 - 19:00
Kanopadling	kl 15:00 - 19:00
Grillfest (skuleplassen ved ungdomskulen)	
Varme Griller til bruk for deltakerene	kl 19:30 - 23:00
Talentiade på Wartsilascenen	kl 19:30 - 23:00

## SUNDAG 31.05.09

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane,

bestilling av bane skjer i sekretariatet	kl 08:00 - 23:00
Putekrig på bukk	kl 08:00 - 24:00
Bading i Kulturhuset (påmelding i sekr.)	kl 09:00 - 21:00
Hesteridning ved Vikastemmo (Andedammen)	kl 14:00 - 17:00
Kanopadling	kl 12:00- 15:00
Konsert WARSTSILA SCENEN ERIK & KRISS	kl 21:30 - 23:00

## MÅNDAG 01.06.09

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane,

bestilling av bane skjer i sekretariatet	kl 08:00 - 17:00
Putekrig på bukk	kl 08:00 - 17:00

**HEIANE BOWLING**

8 baners bowlinghall på Heiane!

Opningstider

Man.-fre.	15.00-22.00
Torsdag	11.00-22.00
Laurd.-sund.	12.00-22.00

Velkommen til oss!

Telefon 53 40 10 30  
www.heianebowling.no post@heianebowling.no

**LEIRVIK**  
MODULE TECHNOLOGY

# Handballprinsessa som vil opp og fram

## Camilla er som ei tikkande bombe som elsker fart og spenning

**Fakta:**  
**Camilla Herrem**  
**Født:** 8/10-1986  
**Posisjon:** venstrekant  
**38 A-landskampar-83 mål**  
**EM-gull i Makedonia 2008**  
**Klubb:** Byåsen  
**Cupgull 2008**  
**Tidlegare klubb:** Sola  
**Yrke:** Jobbar med marknad i Byåsen  
**Kjæraste:** Ja, med Steffen Stormo Stegavik

**Siste leste bok:** Leser sjeldan bøker (« Svina kjedeleg»)  
**Film på kino:** Ein god grøssar  
**Favoritt musikk:** Michael Jackson  
**Ferieparadis:** Maldivane  
**Da blir eg irritert:**  
 I kamp og ute på banen: Når folk filmar og ikkje løp tilbake i forsvar.  
**Utafor:** Når folk ikkje kjem tidsnok til avtaler  
**Overtruisk:** Ja, bruker alltid lykkeundertøyet før viktige kampar

Lynvingen frå Sola spring frå alt og alle og jublar vilt etter mål og nettsus. Smilet og latteren sitt laust, men 22-åringen hatar å tape. Neste stopp og store mål for Camilla Herrem blir Handball VM i Kina i desember 2009.

—Eg skal gje alt for å kome med i VM-troppen til Thorir Hergeirsson, seier ei optimistisk Camilla Herrem, som gjekk glipp av OLfesten i Beljing under Marit Breivik i 2008. — Det var utrolig «kjipt». Eg var med til den siste samlinga i Kina. Der blei eg og Isabel Blanco vraka. Det var bittert, men eg vaks og kom styrka ut av den hendinga. Difor smakte det med EM-gull i Makedonia fire månader seinare. Det viser at eg er god nok til landslaget

### HARD KAMP OM PLASSEN

Noreg har spelarar i verdsklasse på dei fleste posisjonane. På venstrekanten er det Kari Mette Johansen som er dronninga. Men prinsessa frå Sola har ikkje tenkt å leve eit liv i skuggen for alltid.

—Eg kan godt leve med å vere ein toar bak Kari Mette. Ho er verdens beste venstrekant og ein fantastisk

person både på og utafør banen. Men når ho gir seg så er eg klar til å ta plassen og bli førstevallet

### KJEDELEG

Camilla Herrem blei tidleg hekta på handball. Med mor og far fann ho fort vegen til Åsenhallen i Sola. — Eg begynte på minihandball. Men eg synest det var kjedeleg. Eg måtte jo alltid sentra ballen til andre. Difor valde eg og fotball. Eg hugsar at eg tok mitt første Beckham frispark då eg var ni år. Det var fint å ha to idrettar. Fotball og handball var perfekt for meg. Men då eg var 17 år var det full satsing på handball i Sola. Her debuterte eg på A-laget som 16-åring.

To treningar og Champions League Men 2. januar 2006 var det slutt på det trygge liv i Åsenhallen og langs Solastranden. Ei fersk og lovande 19-åringen let seg lokke til storklubben Byåsen i Trondheim. —Ja, det var ei stor overgang. Ei trening og seriekamp mot Gjerpen. To dagar etter blei eg kasta rett ut i tøff Champions League kamp. — Eg bomma grovt to gonger i min første kamp. Oh, Herregud kva har eg gjort no. Men då var det godt å ha Trine Haltvik ved sida av seg. Ho var raskt fram på og gav ros og støtte.

### I SKUGGEN AV LARVIK

Suverene Larvik vann på ny seriemeisterskapet og sluttspelfinalen denne sesongen. Byåsen har vore ein god nummer to dei fem siste sesongane. Trine Haltvik og Co vann seriegullet sist i 1997/98. —Vi prøver så godt vi kan å ta dei. Men vi blir lett stressa og mistar hovudet. Ikkje så rart når dei har rutinerte spelarar som Tonje Larsen og Karoline Dyhre Breivang. To forsvarskjempar som det ikkje er så lett å skubba seg på. Men vi satsar på nytt til hausten. Alle spelarane våre har sagt ja til ein ny sesong, og Gøril Snorroeggen kjem attende etter skade.

### DRAUMAR OG DANMARK

Alle har ein draum å bli proff i

Spania, Tyskland eller Danmark. Det sit og opp i hovudet på 22-åringen Camilla Herrem.

—Klart det at eg har lyst å prøve meg i Danmark. Men til rett tid. Eg har det trygt og godt her i Byåsen, og vi har framleis dei fleste landslagsspelarane heime i den norske serien. Så det hastar ikkje med å reise ut, seier Camilla, som nyt ferien saman med kjærasten Steffen Stegavik.

I vinter har han spela for Drammen. No er han på ny klar for Elverum. Litt nærmare Camilla. — Det går fint. Vi er begge opptatt av det same, og brukar dei få frihelgene vi har. Så det går fint, seier Camilla, som ser fram til Michael Jackson konsert og Spaniaferie i sommar. Men først er det Handballfestival på Stord.

### FOR FØRSTE GANG

— Eg har aldri vært på Stord. Så det skal bli spennande. Eg kjenner Didrik. Ein snill og god bamse som eg møtte litt i Sola. Han hadde noko teambuilding med oss. Men få med at eg liker best mørke menn(les Steffen), ler Camilla, som elsker og klovne og lage litt ablegøyer der ho er. —Eg er vel ein liten klovner. Det skader ikkje med ein god latter. Vi ler mykje saman både i Byåsen og på landslaget. Eg byr vel opp på mitt, innrømmer Camilla Herrem som blir å møte på torget og på Vikahaugane på pinseaftan.



Runar Øvrebø



# Takk og farvel med handballfestivalen

## 5 om festivalen

- Bli-kjent tips



Kanskje kan Arne Kristoffer Barsnes ta eit siste stikk som trenar under årets handballfestival? – Me skal vinna alt!, Stord G12 er optimistiske. F. V Sindre Tranoey, Erlend Tilrem, Arne Kristoffer Barsnes, Ivar Prestegård, Johannes Kyvik Skard, Sander Hustad Engevik, (Sittande) Kristian Vin-sjevik, Lund-Olsen og Abu Baker Al-shammari.

Arne Kristoffer Barsnes (18) skal ropa frå side-lina for siste gong under handballfestivalen i år. Etter tre år som trenar for Stord G12 gir han stafettpinnen vidare til Ivar Prestegård.

- Det blir veldig trist å reisa frå gutane, men eg skal følgja godt med på korleis det går med dei vidare. No takkar Arne for seg, pakkar sekken og tar den med seg til Molde Folkehøgskule.

Mest løye

- Me har kjempesnille trenarar!, handballgutane gliser.  
- Er dei strenge?  
- Av og til er det litt kjefting når me er litt hyper, men me har det mest løye samene.  
- Ja, det er best dåke er greie og seier fine ting, elles blir det langt å springa i Landåsen!, åtvarar trenarane. Dei gir skryten i retur til

gutane sine.

- Dei er smarte, og veldig atletiske. Dei meistarar nye teknikkar veldig raskt og me ser stor framgong i spelet, seier Arne og Ivar.  
- Kva har vore kjekkast som trenar?  
- Det har vore fantastisk å bli kjent med alle gutane, det blir mykje tull og tøys og dei seier mykje løye til oss. Dei er veldig glade i jenter, og me håpar mange kan koma å heia på dei under festivalen, tipsar den avdankande trenaren.

Arne var fyrst hjelpetrenar hos laget, deretter fekk han hovudansvaret, no er det Ivar som blir sjef, og slik rullar ballen. Og gutane, dei blir berre betre og betre ettersom tida går. Stord G12 har rykte på seg for å vera farlege motstandarar på handballbana. Det har dei vist på heimebane, i Haugesund, Bergen og på Tusse cup i Stavanger. Dei gjekk av med sigeren på alle kampene dei spelte på handballfestivalen i fjor.  
- Og i år?  
- Me skal vinna alt!!, ropar gutane.

Jenny Kyvik Hutchens



Sandra Lunde,  
14 år  
Stord J14

- Det luraste er nok å vera seg sjølv. Tørra å gå bort, og snakka med nye folk. Ein kan spørja spørsmål som "Kva lag spelar du på?" osv. Det er ikkje så viktig å sjå bra ut for me spelar jo handball.



Rudi Rimmereide,  
13 år  
Stord G13

- Ein kan seia; "Hei, ka heiter du?", "Kva lag spelar du på?", "Dåke var flinke!" Det er mange fine jenter på Handballfestivalen!



Siren Valvatne,  
15 år  
Stord J14

- "Kor langt har dåke komt?" er ein fin opningsreplik. Og så er det kjekt å stasa seg litt opp på kveldane for alle dei kjekke gutane!



Abu Baker Al-Shammari  
(12) Stord G12

- Eg spørr nye venner fra handballfestivalen om dei har lyst å spela handball eller fotball med meg. Eg synes og det er kjekt å sjå på andre som spelar kampar, då kan eg sjå om dei er gode, vist me skal spela mot dei seinare!



Cedrik Kvarme,  
13 år  
Stord G13

- Som regel går eg bare rett forbi når eg ser fine jenter. Neida, det luraste er å gå rundt å sei hei til folk å sånn. Få i gong ein samtale!



*Bu godt og rimeleg*

ALMÅS HOTELL  
Tlf. 53 40 99 99  
Kjøtteinsveien 60, 5400 Stord  
mail: post@almas-hotell.no  
www.almas-hotell.no

BU GODT PÅ STORD

- BRILLER • SYNSPRØVER
- KONTAKTLINSER • UR

interoptik  
Sele  
AMFI STORD

Tlf. 53 40 29 30

Sjå nyheter på [www.fylkesnesbil.no](http://www.fylkesnesbil.no)



Mitsubishi Outlander



Peugeot 308

Norges beste bilutvalg!

**FYLKESNES BIL AS**

TELF. 53 40 40 40  
Heiane, 5412 STORD



Mercedes-Benz



MITSUBISHI  
MOTORS



PEUGEOT

Opplev Sunnhordland  
i sommer!

Bli overrasket over variasjonen: Natur som spenner fra frodig innland med den storslåtte isbreen Folgefonna til Lune fjordområder og røff skjærgård.

Stord Hotell er det perfekte utgangspunkt for å oppleve kultur og natur i Sunnhordland. Sentralt i Leirvik, Stord. 89 store lyse rom, restaurant, bar og svømmebasseng.

Priser fra **Kr 1.020,-**  
for dobbeltrom m/frukost.

Tlf. 53 40 25 00

Stord Hotell AS, Leirvik,  
N-5411 Stord, Norway



STORD HOTELL

**Me har ope**

kvar dag til kl. 18.00  
Laurdag kl. 15.00

**elfag expert**

**Stomas AS**

Torget 8, Stord, tlf. 53 40 23 40



**Engevik & Tislevoll a.s**



**Byggmester og Entreprenørfirma**

Tlf. 53 45 73 00 - Fax: 53 45 73 10 - P.b. 13, 5418 Fitjar

**Bytunet**   
For deg som ynskjer noko spesielt!

Vogue AQUA FRISØR TIPPY amilo sko claire.dk ICA nær

Atle Myhre BYTUNET NATURKOST MØRE KONFEKSJON Bunnseriet

Lukas Linnea



klær til store og små • gullsmed • helse & velvære  
• litteratur • mat • sko

Ope: måndag - fredag 10.00 - 19.00 Laurdag: 10.00 - 16.00

**STATOIL** Leirvik

*Kom innom for  
ein hyggjeleg handel!*

Ope frå kl. 08.00-23.00 • Tlf. 53 41 35 22 Fax 53 41 41 65



## SKL - Ein utfordrande og trygg arbeidsplass

I SKL har me som visjon å vera eit kraftsenter for framtidretta energiforsyning. For å greia det, er me avhengige av dyktige medarbeidarar. SKL kan tilby utfordrande og trygge arbeidsplassar. Som tilsett hos oss vil du jobba i eit konsern som er ny-skapande, samfunnsbevisst, kompetent og kundeorientert.



SKL er eit regionalt energikonsern. Med grunnlag i primæraktivitetane kraftproduksjon og overføring er det dei siste åra utvikla nye forretningsområde, mellom anna innan IKT, breiband og naturgass. Konsernet er i vekst og positiv utvikling, og me er i dag 130 tilsette.

[www.skl.as](http://www.skl.as)



## FITJAR KRAFTLAG

5419, Fitjar

**Tlf. 53 45 76 00**

[www.fitjar-kraftlag.no](http://www.fitjar-kraftlag.no)



## Grand Hotell Stord

Grand Hotell Stord,  
hotellet i hjertet av  
Sunnhordland

Postboks 155 Telefon 53 40 96 00 E-mail: [booking@grand-hotell.com](mailto:booking@grand-hotell.com)  
Osen 5, 5401 Stord Telefax 53 40 96 01 Internett: [www.grand-hotell.com](http://www.grand-hotell.com)

Vi har  
**SALGSTELT**  
på Handball-  
festivalen

**sport 1**  
[www.sport1.no](http://www.sport1.no)  
**Stord**

Borggata, Leirvik  
Tlf. 53 40 31 80

Amfi - Norges største senterfamilie

**Velkommen til AMFI Stord  
med over 40 butikkar  
fordelt på ulike bransjar.**



AMFI Stord spelar på lag med Stord-handballen, og vi håper det blir ein kjempeflott handballfestival

**NB! Pinseaftan ope: 10-16**

- På AMFI Stord er himmelen alltid blå!

**AMFI** STORD

Ope: mån-fre 10-20 (Meny 9-20) • laur 10-18 (Meny 9-18) • [amfi.no](http://amfi.no)

# Kva er det med handballfestivalen på Stord?

Stordhandballen arrangerer handballfestival for 20-ande gongen og Jorunn Bekkenes er klar til å servera gjestene enno ein gong. Ho er med i den store gruppa av frivillige som stiller opp år etter år.

Det er vanskeleg å oppretthalda engasjementet rundt eit så omfattande arrangement. Særleg når det ikkje er fast tilsette knytt til turneringa, noko som er uvanleg ved slike store arrangement. Dei aller fleste arrangørane gir seg etter ein del år pga trøttleik, berre tenk på liknande kulturarrangement på Stord. Kva er det med handballfestivalen som gjer at Kjartan og gjengen kan invitera til 20 års jubileum pinsa 2009? Svaret er enkelt, det kan forklarast med tre gode grunnar, - dugnad, dugnad, dugnad. Når Stordhandballen presenterte planane for festivalen i det gamle Stordhuset hausten 1989 blei det tenkt stort. Tog frå Leirvik skule og storstilt opning på torget, det blei snakka om olympisk festivaleid og bruk av parkeringsplassar til handballbanar og minst 2000 deltakarar. Allereie etter tre-fire setningar reiste dåverande rådmann Harry Herstad seg frå stolen og braut ut: - Kommunen vil gje 50 000 i årleg støtte til festivalen.

Harry snakka vidare om visjonar for Europa og Stordhandballen fekk den kveikjen som all galskap krev. Harry gløymde heldigvis å spørja politkarane om lov. Det blei suksess. Vi handballfolk, som kanskje hadde følt oss litt små i idrettslaget, fekk stor sjølvtilitt og gåpåvilje. Harald Karlsson i hovudlaget, Tor Resser og Steinar Hystad i avisa Sunnhordland og folk flest meinte vi var flinke. Dei første åra fekk vi 2 heilsider i lokalavisa med tekst og bilete. Tor Resser var fast fotograf og vi fekk oppleva kor lun og positiv han var desse pinsedagane. Alle blei etter kvart positive, ikkje minst våre eigne medlemmer var stolte over å kunna ta del i festen. Mange har opplevd dagar med stor kampaktivitet kombinert med ulike dugnadsjobbar. Dame- og herrelaget tok del i dugnadsfesten, nattevaktene var deira ansvar. Og bergensarane kom til Stord. For ei stund sidan var eg på ein fest i Bergen blant tilfeldige bergensarar og fann ut at nesten alle hadde eit forhold til Handballfestivalen. Anten hadde dei vore på Stord, eller dei var tanter, onklar, bestemor, bestefedrar. Men kvardagen nådde og handballfestivalen. Stord kommune kunne ikkje gi støtte til eit arrangement som gjekk med overskot. Dei kommunale rektorane på Vikahaugane

*“ Svaret er enkelt, det kan forklarast med tre gode grunnar, - dugnad, dugnad, dugnad ”*



Solid IL, Britha Damås.

fekk i oppdrag å leggja inn husleige som ein liten pluss i rekneskapen. Det var og andre som ville tena pengar. Stordhandballen hadde alltid sagt det var viktig å tena pengar for å skaffa pengar til sportsleg satsing. Det blei ein del stridar som tappa energi. Men i motsetning til mange andre idretts- og kulturarrangement har handballfestivalen levd vidare og er i dag sterkare enn nokon gong. Runar, Kjartan, Jorunn, Øyvind saman med mange andre held framleis ut. Det er nesten ikkje til å tru. Til Henning i hovudlaget seier eg: Send ei melding til Hamar Amfi

og idrettsgallaen, here we come... Eg, saman med alle andre medlemmer av idrettslaget, ønsker Handballfestivalen lukke til med nye 20 år, knyter høgrehanda og rettar den opp i 90 graders vinkel i olbogen og ropar fram forklaringa på 20 år med handballfestival: - Dugnad, dugnad, dugnad.

Arne Steinsvåg

